

## Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 21.10.2014

### Orienteringar

«Retningslinjer for opptak av elevar på særskilt grunnlag» v/Akylina Samara, spesialrådgjevar HFK  
«Budsjett HFK 2015» v/Birthe Haugen, seksjonsleiar HFK

### Oversending til Hordaland fagskulestyre

Melding RS 58/14 «Kvalitetssikring og oppfølging av nye ventilasjonssystem i fylkeskommunale bygg» vert oversend Hordaland fagskulestyre.

### **OPEN TIME**

**Alexander Fosse Andersen** sette fram følgjande spørsmål:

«Bergen kommune har prosjektet «Frå ufaglært til faglært medarbeider» for å sikre rett formell utdanning hjå medarbeidarane i Bergen kommune. 30 medarbeidarar er ferdige med opplæringa, men ventar på å få praktisk fagprøve organisert av fagopplæringskontoret i HFK.

1. Kor lang ventetid er det for å gå opp til fagprøve?
2. Kva er dei viktigaste tiltaka for å kunna få unna «køen» for å ta praktisk fagprøve?

Spørsmålet vart samrøystes vedteke oversend fylkesadministrasjonen.

**Rosalind Fosse** sette fram følgjande spørsmål:

«I hvilken grad blir Nordahl Grieg vgs brukt til aktiviteter etter skoletid og i helger?»

Spørsmålet vart samrøystes vedteke oversend fylkesadministrasjonen.

**Aslaug Hellesøy** sette fram følgjande spørsmål:

1. Ber om oppfølging av sak frå fylkestinget vedk. aktivitørutdanning
2. Etterspør eit evt. referat frå fylkesutvalet sin tur til Danmark vedk. produksjonsskulen.

Fylkesdirektør opplæring svara på spørsmåla.

**Toralv Mikkelsen** stilte spørsmål vedk. politikarar og byråkratar si rolle når det gjeld deltaking i debattar.

Fylkesdirektør opplæring vil ta spørsmålet vidare til fylkesrådmannen.